

Austevoll kommune

Birkelandsvegen 2

5392 STOREBØ

Adm.enhet: Forvaltningsseksjonen i region  
Vest

Sakshandsamar: Ola Midttun

Telefon: 46888567

Vår referanse: 14/13672

Dykkar  
referanse:

Dato: 22.06.2018

## **AUSTEVOLL KOMMUNE, HORDALAND FYLKE - HØYRING AV FORSLAG TIL FREDINGSOMRÅDE FOR HUMMAR OMKRING TROLLSØY**

Fiskeridirektoratet region Vest sender ut forslag til fredingsområde for hummar omkring Trollsøy i Austevoll kommune på høyring. Frist for uttale er sett til 26. august 2018.

Merknader til forslaget sendast til [postmottak@fiskeridir.no](mailto:postmottak@fiskeridir.no)

---

**Austevoll kommune går inn for freding av hummar i sjøområda omkring Trollsøy som ligg nordaust i kommunen og mot Bjørnefjorden. Innafor fredingsområdet vil hummaren vere totalfreda og det vil gjelde forbod mot fiske med alle typar faststående fiskereiskap som ruser, teiner, garn o.a. gjennom heile året. Fredingsområdet vert foreslått innført for 6 år.**

---

### **Om innføring av fredingsområder for hummar**

Fredingsområde for hummar er eit reguleringstiltak som kjem i tillegg til dei meir tradisjonelle tiltaka, som utforming av teiner, avgrensing i talet på teiner og fiskeperiodar. Så langt har innføring av fredingsområde for hummar på Sørlandet synt seg å vere svært positivt for bestandsutviklinga i områda. Ifølgje Havforskningsinstituttet (Havforskningsrapporten 2014) har hummarbestanden i løpet av ei fireårsperiode auka med 245 prosent, og gjennomsnittstorleiken har auka med 13 prosent.

Oppretting av fredingsområde er eit av fleire verkemiddel som medverkar til ei meir berekraftig forvaltning av hummar. I 2014 inviterte Fiskeridirektoratet kystkommunane med i ein prosess for å etablere nye fredingsområde for hummar. Fiskeridirektoratet ønskjer prosessar med lokal forankring der kommunane saman med lokale interesser sjølv tek initiativ og bidreg i etableringsprosessen i samarbeid med Fiskeridirektoratet sine

regionkontor. Nærare rettleiing om retningslinjer og prosess finst i vedlegget;  
*Fiskeridirektoratet inviterer interesserte kystkommunar med i en prosess for å etablere nye forvaltningsområder for hummar.*

### **Bakgrunn for forslag til freding i Austevoll**

Austevoll kommune starta opp arbeidet med å lage forslag til fredingsområde i 2014. I 2016 vart det nedsett arbeidsgruppe, styringsgruppe og ressursgruppe som har arbeida vidare med spørsmåla. Hovudmålsetting for arbeidet har vore;

*«Å betre bestanden slik at ein får ein jamn bestand av hummar som gagnar innbyggjarane i kommunen. Hummarfredinga og val av område må vere basert på rettferdig og upersonleg grunnlag. Avgjersla skal vere basert på kvalitetssikre og dokumentert grunnlag».*


Følgjande kriterier er sett for val av forslag til fredingsområde;

- Minst mogleg konflikt med fritidsfiskarar og yrkesfiskarar.
- Omsyn til hummarens vandring mellom grunt og djupt vatn — må vere kupert terreng. 5-20 meter.
- Godt vassmiljø, varierte botnforhold.
- Gode straumforhold
- Rimeleg god hummarbestand.
- «Proxy», indirekte mål, der det er mange teiner, der vert det forventat at det er mykje hummar.
- Plassering, tilgjengelegheit ved tilsyn. Fortrinnsvis innanfor ein viss radius for tilsyn.
- Lett skal late seg avgrense, og identifisere. Merking av området på land må vere synleg frå båt.
- Området må ikkje ligge for nært akvakulturanlegg

Kommunen har lagt vekt på å følgje Fiskeridirektoratet sine retningslinjer for val av område gjennom dialog med fiskarlag og lokal befolkning. Kvalitetssikring og faglege vurderingar om kor eigna områda er for freding, er teke opp med Havforskningsinstituttet og Fiskeridirektoratet undervegs. Kommunen har og samarbeida med fiskarfagskulen i Austevoll om kartlegging av hummarområde. Vinteren 2018 vart det gjennomført folkemøte og lokal høyring, der innbyggjarar og interessegrupper hadde høve til å kome med innspel. I alt seks einskilde kandidat område vart utreia gjennom prosessen, og blant desse har kommunen valt å gå vidare med forslag til fredingsområde i kring Trollsøy. Endelig vedtak vart fatta av kommunestyret i Austevoll 14. juni 2018 før saka vart sendt over til Fiskeridirektoratet for slutthandsaming.

### **Forslag til fredingsområde for hummar omkring Trollsøy**

Trollsøy ligg på den nord austre sida av Austevoll ut mot Bjørnafjorden og Krossfjorden. Fredingsområde strekk seg ut til ca. 100 meter kote på nord-, aust- og sørsida av Trollsøya, og vidare langs liner mot nordvest og sørvest til øya Grønningen. Sjøarealet måler totalt ca. 1400 m<sup>2</sup>.



Figur: foreslått fredingsområde for hummar omkring Trolløya

Området er avgrensa av geografiske koordinatar;

1. N 60 °07,910' Ø 05° 13,595'
2. N 60 °07,749' Ø 05° 13,694'
3. N 60 °07,653' Ø 05° 15,722'
4. N 60 °07,734' Ø 05° 15,940'
5. N 60 °08,295' Ø 05° 15,518'
6. N 60 °08,610' Ø 05° 15,108'
7. N 60 °08,410' Ø 05° 14,665'

#### Forslag til restriksjonar på fiske og varigheit

Det vert foreslått forbod mot fiske med alle typar faste reiskap som garn, teinar og ruser gjennom heile året. Det føreslås ingen restriksjonar på bruk av andre fiskereiskap. Føresegn om freding av hummar føreslås innført for 6 år. Austevoll kommune går inn for at det vert opna for at Havforskningsinstituttet kan drive prøvofiske etter hummar innanfor fredingsområdet. Dette er i samsvar med innspela frå Havforskningsinstituttet som ønskjer å overvake utvikling i hummarbestanden.


Denne prosessen for å opprette fredingsområde er basert på at kommunen tek initiativ og fremmer forslag til Fiskeridirektoratet. Fiskeridirektoratet vil følgje opp kommunen sitt forslag om 6 års varigheit og restriksjonsnivå. Frå Fiskeridirektoratet si side er det ønskeleg

med ei vurdering før utløpet av fredinga på korleis forvaltninga i dette området skal leggjast opp etterpå for å ta vare på dei positive effektane.

### Løyve til dyrking av tare ved Trollsøy

Lerøy Vest AS fekk 01.06.2018 løyve til dyrking av tare på lokalitet ved Trollsøy.

Tarelokaliteten er nært samanfallande med område som no vert foreslått freda for hummar. Fiskeridirektoratet har avklåra at det ikkje er noko i vegen for å innføre freding av hummar innanfor same område kor det allereie er gjeve løyve til dyrking av tare. Løyve til dyrking av tare er gjeve etter akvakulturlova og her gjeld forbod mot fiske nærare enn 100 meter, og forbod mot ferdsle nærare enn 20 meter frå akvakulturanlegg. Spørsmål om eventuelt prøvafiske etter hummar nærare enn 100 meter frå akvakulturanlegget må såleis avklårast nærare etter regelverket for akvakultur. Fiskeridirektoratet er på generelt grunnlag positiv til samarbeid med Havforskningsinstituttet om prøvafiske innanfor dei einskilde fredingsområda som vert oppretta langs kysten, slik at ein kan overvake bestandsutvikling og måle effekten ved innføring av vern.



Figur: areal ved Trollsøy kor det er gjeve løyve til dyrking av tare.

### Vurdering av fiskeriinteresser – Fiskeridirektoratet

Fiskeridirektoratet har relativt god oversikt over fiskeriinteresser gjennom kartlegging av 'Kystnære fiskeridata' som er basert på intervjuundersøkingar med fiskarar. Fiskeområde som er registrert i 'Kystnære fiskeridata' kan sjåast gjennom kartverktøyet på Fiskeridirektoratet sin heimeside.

*Fiske med tradisjonelle fiskereiskap*

Fiske med tradisjonelle reiskap som garn, line, ruse, teine og snøre går føre seg ikring heile Austevoll og er vanlig gjennom heile året. Her deltek både yrkesfiskarar og fritidsfiskarar, og i sommarhalvåret er det også innslag av turistfiskarar. Fiskeridirektoratet har ikkje kartlagt fritidsfiske, men på bakgrunn av dei mange fritidseigedomane i kommunen, har vi grunn til å tru at innslag av hyttefolk som deltek i fritidsfiske er stort.

*Registrert garnplass Trolløy*

Sørvest av Trolløy utanfor Trolløykalven, har Fiskeridirektoratet registrert fiskefelt kor garn og teiner er vanlig brukt. Delar av det registrerte feltet ligg innanfor fredingsområdet kor det vil gjelde forbod mot fastståande fiskereiskap som garn teiner og ruser.

*Fiske med snurpenot og låssetting*

Fiske med snurpenot (kystnotfiske) etter makrell, sild og brisling går tidvis føre seg i sjøområda i kring Austevoll innanfor sesong for desse fiskeria. Snurpenot er definert som aktivt fiskereiskap og det er ikkje føreslått restriksjonar på denne type reiskap ved innføring av vern. I samband med kystnotfiske er det vanleg at fangsten vert lagra levande i steng (låssetting) inntil levering. Fiskarane nyttar ofte faste plassar for plassering av fiskesteng (låssettingsplassar), og Fiskeridirektoratet har registrert ein rekke låssettingsplassar omkring Austevoll. Låssetting vil ikkje medføre stor risiko for attåtfangst av hummar, og det er derfor ikkje naturleg at eit forbod mot fastståande reiskap skal omfatte låssetting.

*Turistfiske*

Utanlandske turister kan berre fiske med handheldt reiskap i sjøen og har ikkje anledning til å bruke garn, teiner, ruser, liner og liknande. Innføring av fredingsområde vil av den grunn være uten praktisk betydning for turistfiske.

**Forslag**

Fiskeridirektoratet foreslår at det med heimel i lov 6. juni 2008 nr 37 om forvaltning av viltlevande marine ressursar (havressurslova) § 16 , vert gjort følgjande endring i forskrift av 7 juni 2006 nr. 883 om fredningsområde for hummer:

I § 1 skal nytt område føres inn etter Sparholmene i Kvitsøy kommune, og skal lyde:

§ 1.


Det er forbudt å fiske med andre redskaper enn håndsnøre, fiskestang, juksa, dorg eller snurpenot i områdene avgrenset av følgende posisjoner:

*Trollsøy i Austevoll kommune*

Angivelse i grader, minutter og desimalsekunder

Angivelse i grader og desimalminutter

1. N 60° 07'54,06"	Ø 05° 13'35,07"	N 60° 07,910'	Ø 05° 13,595'
2. N 60° 07'44,94"	Ø 05° 13'41,64"	N 60° 07,749'	Ø 05° 13,694'
3. N 60° 07'39,18"	Ø 05° 15'43,32"	N 60° 07,653'	Ø 05° 15,722'
4. N 60° 07'44,04"	Ø 05° 15'56,04"	N 60° 07,734'	Ø 05° 15,940'
5. N 60° 08'17,07"	Ø 05° 15'31,08"	N 60° 08,295'	Ø 05° 15,518'
6. N 60° 08'36,60"	Ø 05° 15'60,48"	N 60° 07,734'	Ø 05° 15,940'
7. N 60° 08'24,60"	Ø 05° 14'39,90"	N 60° 08,410'	Ø 05° 14,665'



Fiskeridirektoratet tek sikte på at fredingsområdet skal gjelde frå 1. oktober 2018.

Høringsfrist er sett til 26. august 2018.

Med helsing

Leni Marie Lisæter  
seksjonssjef

Ola Midttun  
seniorrådgiver

*Brevet er godkjent elektronisk og vert sendt utan handskriven underskrift*

**Mottakarliste:**

Austevoll kommune	Birkelandsvegen 2	5392	STOREBØ
Bergen kommune	Postboks 7700	5020	BERGEN
Fiskarlaget Vest	Slottsgt. 3	5003	BERGEN
Fylkesmannen i Hordaland	Postboks 7310	5020	BERGEN
Havforskningsinstituttet	NORDNESGATEN 50	5005	BERGEN
Lerøy Vest AS	Skipavika 54	5397	BEKKJARVIK
Miljødirektoratet	Postboks 5672 Torgarden	7485	TRONDHEIM
Norges Fiskarlag	Postboks 1233 Torgarden	7462	TRONDHEIM
Norges Fritids- og Småfiskerforbund	c/o Tom Erlig Sollie Ringshaugveien 18	3154	TOLVSRØD
Norges Jeger- og Fiskerforbunds Fonds	Postboks 94	1378	NESBRU
Norges Kystfiskarlag	Postboks 97	8380	RAMBERG
Norske Sjømatbedrifters Landsforening	Postboks 639	7406	TRONDHEIM
Os kommune	Postboks 84	5202	OS
Sjømat Norge	Postboks 5471 Majorstua	0305	OSLO
Sund kommune	Postboks 23	5371	SKOGSVÅG
Sør-Norges Notfiskarlag	Slottsgaten 3	5003	BERGEN
Vest-Norges Fiskesalslag Sa	Postboks 83	6701	MÅLØY
WWF-Norge		0130	OSLO

**Kopi til:**

**Kopi til:**

Fiskeridirektoratet region Sør	Postboks 185 Sentrum	5804	BERGEN
Nærings- og fiskeridepartementet Reguleringsseksjonen Ressurskontrollseksjonen i region Vest	Postboks 8090 Dep	0032	OSLO
Tysnes kommune Sentraladministrasjon	Uggdalsvegen 301	5685	UGGDAL

**Vedlegg**

ønsker at flere kommuner etablerer fredningsområder  
Prosjekt hummerfredning revidert med ressusgruppa(366708)  
Rapport\_til\_høring\_beveringsområde\_hummer\_Austevoll\_kommune  
(376154)  
Vedtaksbrev(1)